

SØRLANDSBANEN (EGERSUND) – STAVANGER,
DOBBELTSPOR SANDNES – NÆRBØ

Kommunedelplan med konsekvensutgreiing

Planføresegner Hå kommune

01A	Høringsutgave	28.06.2023	NFH	Lars R	Erik P. J	
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av	
Sørlandsbanen (Egersund) – Stavanger, dobbelspor Sandnes - Nærbø Kommunedelplan med konsekvensutgreiing Planføresegner Hå kommune		Ant. sider	Fritekst 1d			
			Fritekst 2d			
			Fritekst 3d			
		Produsent	Bane NOR			
		Prod. dok. nr.				
		Erstatning for				
Erstatta av						
Prosjektnr: 965017		Dokument nr. USN-00-A-00157			Rev. 01A	
		Dokument nr.			Rev.	

Planføresegner og retningslinjer

Hå kommune

1. Planområde

Planområdet er vist på arealplankart USN-00-B-00130 datert 2023-08-25.

1. Planens hensikt

Kommunedelplanens formål er å fastsetja korridor for dobbeltspor for jernbanen mellom Nærbø og Sandnes, heretter namngitt USN, som grunnlag for regulering i neste planfase.

Endeleg detaljert trasé, inklusive kompensasjon for tap av areal, detaljar, utforming, høgder på bane og nødvendige omlegging av ramma infrastruktur, blir fastlagt gjennom reguleringsplan.

2. Fellesreglar for heile planområdet

2.1. Plankrav

Kommunedelplanen skal følgjast opp med reguleringsplan, jamfør pbl § 11-9 og § 12-1. Det skal regulerast jernbaneanlegg med tilhøyrande stasjonsområde, tilkomst til stasjonsområdet, drifts- og tilførsleveggar, gang- og sykkelveggar, tekniske støtteareal, grønstruktur, mellombelse anlegg for rigg og drift og andre nødvendige tiltak og anlegg inkl. deponi, samt tiltak for omsyn til omgivnadene, under støyttiltak, omforming av sideterreng og andre miljøtiltak.

2.2. Planverknad

Denne planen går ved motstrid framfor eldre plan eller planregel for same areal.

Arealformåla og omsynssona innanfor planområdet for dobbelsporet mellom Nærbø og Sandnes vises i kommuneplanens arealdel for Time, Hå, Klepp og Sandnes kommune. Føresegner til desse arealformåla og omsynssonene følgjer av dei respektive planane.

3. Planføresegner til arealformål

3.1. Flaumfare H320 (pbl § 11-8, bok c) Det kan ikkje gjennomførast ny utbygging langs vassdrag og sjø som kan vere utsett for 200-års flaum eller område som kan vere utsett for stormflo, utan særleg vurdering og eventuell sikring.

3.2. Omsynssone kulturmiljø H560 (pbl § 12-7) Faste kulturminne som lødde steingardar skal i størst mogleg grad bevarast som historieforteljande element for ettertida. Steingardar i eigedomsgrensar bør ikkje byggast ned eller fjernast. Kommunen sjekker om vi har dette innanfor planområdet. 27.06.23

4. Sikringssoner

4.1. H190 Andre sikringssoner

Byggeforbod langs vassdrag

5. Omsynssoner

5.1. Soner med særlege omsyn Grønstruktur H 540 (pbl § 11-8, bok c)

Omsynssone H540 Tverrelva og Håelva skal integrerast som allment tilgjengeleg område for å sikra ein passasje gjennom dei ulike områda, og til og frå tur- og friområde. Gang- og sykkelsystemet skal formast ut slik at mjuke trafikkantar får eit samanhengande kvalitetstilbod etter gjeldande standardar. Gjeldande krav til Grønstrukturar i kommuneplanen (§16) gjeld for omsynssona.

6. Retningslinjer for reguleringsplanfasen:

- a. *Byggjeregrenser langs jernbaneanlegget og offentlege vegar blir fastsette i reguleringsplan. Ved utvikling av kommunesenter, lokalsenter og nærsentre kan det vera aktuelt å fastsetja byggjeregrense tettare på jernbane enn generelle krav.*
- b. *Tiltaket skal optimaliserast ved regulering. Optimaliseringa skal mellom anna utarbeida gode tilkommefunksjonar ved stasjonane, sikra tilstrekkeleg handtering av vatn, redusera støyulempe og redusera arealbeslag*
- c. *Det skal utarbeidast ein massehandteringsplan som omfattar volumberekningar, transport, mellomlagring og deponiområde. Deponiområdar skal greiast ut og fastsetjast i reguleringsplan.*
- d. *Det skal utførast detaljert kartlegging av grunnforhold, nedbør og grunnvatn. 200 års flaumnivå tillagt ein tryggingmargin på 0,5 m skal leggjast til grunn ved dimensjonering av konstruksjonar, bygg og anlegg. Det skal etablerast anlegg for oppsamling, reinsing og bortleiing av overvatn frå konstruksjonar og jernbaneanlegg. Reguleringsplanane skal identifisera og sikra areal for overvasshandtering. Konstruksjonar og anlegg skal formast ut slik at naturlege flaumvegar blir bevarte og tilstrekkeleg tryggleik mot flaumskadar blir oppnådd. Det skal gjerast greie for korleis handteringa av overvatn og flaumvegar er løyste. Ved regulering og seinast ved søknad om tiltak skal det utførast risiko- og sårbarheits-analyse som dokumenterer at avrenninga og avrenningsfarten ikkje aukar som følgje av tiltaket*
- e. *Utforming av stasjonar, tekniske bygg, kulvertar, bruer, sykkel- og fotgjengarsamband, og dessutan tilknytning til eksisterande gang- og sykkelvegnett skal ved vidare detaljutforming tilpassast nærliggjande bygde og naturlege omgivnader. Omsynet til mjuke trafikantar i anleggsfase og ferdig tiltak skal sikrast.*
- f. *Støy langs jernbanetiltaket skal greiast ut i reguleringsplanfasen. T-1442 retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, eller nyare retningslinjer, blir lagde til grunn.*
- g. *Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan for anleggsfasen i samsvar med tiltakshavars retningslinjer for slik plan. Miljøtiltak skal setjast i verk og følgjast opp i samsvar med den til kvar tid oppdaterte miljøoppfølgingsplanen.*
- h. *Det skal utarbeidast ein matjordplan for bruk av omdisponert dyrka areal. Planen skal avklara korleis matjord skal varetakast og lagrast, og korleis areala skal setjast i stand.*
- i. *Sideareal til jernbaneanlegget skal opparbeidast med god terrengtilpassing og med vekt på overordna vegetasjonsetablering av stadeigne artar som kan reetablerast og forsterka gjennomgåande grøntdrag og viktige randsoner.*
- j. *Kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane for kulturminna skal søkjast minimert i reguleringsplanarbeidet.*
- k. *Ved vidare planlegging skal det strevast etter å forma ut tiltaket for å minimera sårbarheit overfor klimarelaterte hendingar.*